

Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
087/22	Formannskapet	PS	01.09.2022
	Kommunestyret	PS	

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Odd Harald Dommersnes	FE-145	22/907

Økonomistatus

Framlegg til vedtak:

Formannskapet tek økonomirapporten til vitande

Formannskapet - 087/22 - 01.09.2022

FS - behandling:

Økonomisjef Odd Harald Dommersnes orienterte om saka.

- Ein prosent auka rente, er fire millionar i auka utgifter for kommunen.
- Gode skatteinntekter, men noko går vekk i utjamning.
- Redusert skattøre gjev lågare inntekter.
- Bassenget Kaland, det er stengt og det vil kosta å ordna dette.
- Problem med maur i bygget i Vestlia.
- Må rekna med større utbetalningar på sosialhjelp.
- Sjukefråvær 13,1 prosent, det er samla for eigenmelding og legemeldt.

Dommersnes gjekk gjennom den detaljerte økonomistatusen.

- Helge Dyrkolbotn (KrF) spurte om konsulentbruk, dette er sagt at skal reduserast. Her svara kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug at det handlar mellom anna om det er planar og anna der kommunen ikkje har eigen kompetanse.

Dommersnes sa at kommunen skal i gang med reforhandling av lån, der ein må venta høgare rente.

Likevel ser det ut for at det skal gå nokolunde greit med tanke på årsresultatet.

Ordførar Per Lerøy (Ap) sa at det var under 1 prosent arbeidsløyse i juni månad, elleve personar alt i alt. God skatteinngang, men må dela på denne med andre kommunar.

Handsaming i formannskapet:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

FS vedtak:

Formannskapet tek økonomirapporten til vitande

Saksopplysninger:

Bakgrunn

Kommunedirektøren har ansvaret for å rapportera om den økonomiske situasjonen til politisk nivå. Ved utgangen av kvart tertial skal kommunedirektøren leggja fram rapport til kommunestyre, det vert rapportert til formannskapet på månadsnivå. Rapporteringa skal ha fokus på å avdekka eventuelle avvik i høve vedteke årsbudsjett, tiltak for å oppnå balanse, prognose for året, utviklinga innanfor tenesteområda, oppnådde resultat/målsettingar og status på eventuelle politiske vedtak. Dersom det er endringar i budsjettet, skal dette også leggst fram til behandling i tertialrapport.

Vurdering

Samla tal for kommunen

Inntekter, Konto	Budsjett inkl. endri	Regnskap	Avvik i NOK
ALLE	-13 710 983	-18 641 750	4 930 767
Utgifter	165 261 588	171 883 837	-6 622 249
Inntekter	-178 972 571	-190 525 588	11 553 017

Vi har hittil i år hatt ei god utvikling på inntektssida, auka skatteinntekter, rammetilskott, og større refusjonar på sjukeløn enn kva som var budsjettert. På kostnadssida er det negative avvik på sjukeløn, overtid og bruk av vikarar, ein kjem ikkje utanom at både rentekostnader og straumkostnadane har auka monaleg. Det er monaleg usikkerheit knyt til utviklinga på rente og straum som gjer at ein må utvisa nøysemd når det gjeld å ta på seg nye kostnader utover budsjett.

Rekneskapen for våre ulike einingar

Forvaltning og Service

Ansvar	Teneste	Inntekter, Konto	Budsjett inkl.	Regnskap	Avvik i NOK
	ALLE		13 170 798	13 570 929	-400 131
5000	PLAN, BYGG, OPPMÅLING OG MILJØ		1 776 184	1 914 477	-138 293
5100	LANDBRUK-VETERINÆR		326 374	-10 744	337 118
6000	ADMINISTRASJON TEKNISK		447 955	943 561	-495 606
6100	VATN, AVLØP, RENOVASJON		-2 754 497	-2 771 573	17 076
6200	KOMMUNALE VEGAR, KAIAR, FRILUFTSOMRÅDER		1 492 935	1 866 876	-373 941
6300	BEREDSKAP MOT BRANN/ULYKKER, FEIING		2 885 359	2 234 179	651 180
6400	EIGEDOMSAVDELING (BYGG, MASKINER, UTSTYR)		6 008 943	6 523 380	-514 437
6500	REINHALDSAVDELING		2 987 545	2 870 774	116 771

Usikkerheita innan denne sektoren er knyta til kostnader som gjeld vedlikehald av bygg, vegar, kaiar og ikkje minst symjebassenget vårt som har behov for teknisk oppgradering. Sidan kostnadane til

straum vert ført på denne sektoren så kan ein sjå for seg at avviket mellom budsjett og rekneskap vil auka utover hausten 2022.

Oppvekst og Kultur

Ansvar	Teneste	Inntekter/Konto	Regnskap	Budsjett inkl.	Avvik i NOK
	ALLE		41 033 024	43 855 388	-2 822 364
2000	ADMINISTRASJON UNDERVISNING		888 198	694 099	194 099
2010	PPT		1 199 782	1 439 098	-239 316
2020	BARNEVERN		3 664 788	4 126 219	-461 431
2100	ÅRÅS SKULE		13 774 576	15 420 737	-1 646 161
2110	KALAND SKULE		6 994 216	7 832 449	-838 233
2200	AUSTRHEIM KYSTBARNEHAGE		7 549 937	7 064 116	485 821
2210	KALAND BARNEHAGE		5 041 847	4 492 810	549 037
4000	AUSTRHEIM FOLKEBIBLIOTEK		743 625	747 683	-4 058
4100	AUSTRHEIM KULTURSKULE		866 031	997 548	-131 517
4200	UNGDOMSKLUBB-TILTAK BARN OG UNGE		-125 757	586 284	-712 041
4300	KULTURAVDELINGA		435 781	454 345	-18 564

Oppvekst og kultur har gode tal for dei 7 fyrste månadene i år. Tala vil verta endra utover hausten grunna tilhøvet mellom budsjett/rekneskap og ulike tilskott. Ein skal særleg vera observant på avviket innan barnevern som skyldast at vi pr. dato ikkje har born i institusjon som kommunen betaler for.

Helse, omsorg og frivilligheit

Ansvar	Teneste	Inntekter/Konto	Budsjett inkl. endr.	Regnskap	Avvik i NOK
	ALLE		51 030 180	52 590 582	-1 560 402
3000	ADMINISTRASJON HELSE OG SOSIAL		2 204 193	1 347 481	856 712
3100	HELSETJENESTER		9 343 014	11 340 426	-1 997 412
3200	SOSIALE TJENESTER		3 638 266	3 710 268	-72 002
3300	NORDLIHEIMEN		15 560 596	15 512 990	47 606
3310	NORDLIHEIMEN KJØKKEN		2 384 793	2 154 059	230 734
3320	HEIMETJENESTER I		7 595 238	7 739 856	-144 618
3330	ARBEID OG INKLUDERING		9 895 519	10 485 568	-590 049
3340	ARBEIDS- OG OPPLÆRINGSSENTER		408 561	299 935	108 626

Avviket innan denne sektoren er i stor mon knyt til helseavdelinga og gjeld rapport frå PWC,

kostnader ved å rekruttere legar, kjøp av nytt utstyr og kjøp av utstyr tilhøyrande privat fysioterapeut. Alle desse kostnadane er eingongskostnader og vil ikkje auka utover hausten. Avviket innan arbeid og inkludering skyldast bruk av overtid/vikarar grunna vanskar med å rekruttere faste tilsette med rett kompetanse.

Sjukefråvær

Vi har eit sjukefråvær på 13,1 % hittil i 2022, talet er delvis påverka av Covid 19 pandemien kor ein dei fyrste månadene hadde eit særst høgt fråvær. Sjølv om mykje kan forklarast med Covid så kjem ein ikkje utanom at vi nå må iverksette eit større arbeid knyta til landstidsfråvær. Det kjem difor til å bli sett ned ei arbeidsgruppe med deltaking frå dei tilsette, tillitsvalte og arbeidsgjevar som får som mandat å sjå nærare på dei einingane som har eit stort tal med tilsette med langtidsfråvær.

Konklusjon

Økonomirapporten er basert på den kunnskapen ein hadde når ein avslutta rekneskapen for juli månad. Ut frå denne kunnskapen er der ingen forhold av slik størrelse at kommunen kjem til å få meirforbruk i høve til budsjett. Det er viktig å komma i hug at prisutviklinga innan straummarknaden og renteutviklinga samla kan påverka resultat i negativ lei. Kommunedirektøren vil difor rå til at det ikkje vert iverksett større budsjettendringar som aukar kostnadane utover det som er heilt naudsynt for å sikre drifta og ivareta kommunen sine verdiar innan infrastruktur som vegar, bygg og kaiar.